

---

Saksnr: 2020/44954-10  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021

Tilbakemelding på høyringsnotat frå Kulturdepartementet med utkast til endringar i forskrift om insentivordning for film- og serieproduksjonar.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til uttala i saka og at denne vert oversendt Kulturdepartementet som fråsegn frå Vestland fylkeskommune.
2. Vestland fylkeskommune frykter at dei føreslegne endringane i § 6 vil gjere det vanskelegare for mindre og uavhengige filmprodusentar å nytte insentivordninga.
3. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet å legge fram oversyn over dialogen som har vore gjennomført med bransjen.

Samandrag

Kulturdepartementet har sendt høyringsnotat med forslag til endringar i insentivordninga for film- og serieproduksjonar. Høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune (VLFK) vert sendt etter handsaming i Fylkesutvalet 02.03.21.

Endringsforslaga omfattar nokre paragrafar i forskrifta til insentivordninga for film- og serieproduksjonar, ei ordning som skal evaluerast i 2021. Fylkesrådmannen vurderer likevel at dei føreslegne endringane, særleg i § 6, kan ha innverknad på kven som vil ha høve til å nytte insentivordninga

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Høring-utkast til endringer i forskrift om insentivordning for film- og serieproduksjoner
- 2 Høyringsnotat insentivordning

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet har sendt høyringsnotat med forslag til endringar i insentivordninga for film- og serieproduksjonar.

Filmmeldinga (Meld. St. 30 (2014-2015) «En framtidrettet filmpolitikk»), og føringane Stortinget la ved handsaminga av denne, jf. Innst. 83 S (2015-2016), la grunnlaget for ei større endring av dåverande tilskotsordningar for audiovisuelle verk.

Forskrifta som føreslåast endra i vedlagte høyringsnotat, er utarbeidd og fastsett i samsvar med føringane som Stortinget la ved handsaminga av filmmeldinga. Forslagene i dette høyringsnotatet bygger vidare på føringane som vart lagt i filmmeldinga. Det er NFI som har utarbeidd eit forslag til endringar i innrettinga av tilskotsordninga, og denne blei oversendt KUD 8. september 2020.

### Konsekvensane til forskrifta

Vestland fylkeskommune (VLFK) stiller seg fyrst og fremst undrande til kvifor det vert føreslått endringar av forskrifta når sjølve insentivordninga står overfor ei evaluering i 2021. Samstundes stiller Vestland fylkeskommune seg kritisk til at nytt regelverk vert fastsett med verknad frå 1. mars 2021 når høyringsfristen på denne er sett til 29. mars 2021.

VLFK forstår at det er eit behov for å styrke budsjettstyringa i ordninga og kan vidare forstå ønskje om at produksjonar skal søkje når dei er kome langt i sin finansiering og planlegging. VLFK meiner likevel at desse behova vil bli godt belyst i evalueringa til ordninga i 2021. Dette tilseier at NFI burde vurdere å vente med å endre forskrifta til heile ordninga er evaluert.

Forskrifta legg føringar for korleis NFI rangerer og prioriterer søknadar og prosjekt. VLFK vil tilrå at forskrifta her målfestar filmmeldinga si ambisjon om at insentivordninga skal styrke filmnæringa og tilstøytane næringar i regionane. VLFK meiner det vil vere føremålstenleg at ein regional dimensjon vert integrert i føremålet til ordninga, slik at dette også kan kome til uttrykk i NFI si rangering av søknadar og prosjekt.

VLFK ser at Menon-rapporten har vore lagt til grunn for gjennomgangen av verkemidlane på filmområdet, men denne involverte ikkje dei aktørane som opererer i marknaden for internasjonal produksjon, som Vestnorsk Filmkommisjon. Det uheldig at verken filmkommisjonane eller dei mest aktive brukarane av insentivordninga vart invitert inn i innspelprosessen når insentivordninga ble ein del av utredninga. VLFK meiner difor det er kritikkverdig at desse ikkje er involvert i prosessane. Tilgjengelege verkemidlar bør utfylle kvarandre slik at det vert utvikla filmkultur over heile landet.

Verknadar av dei føreslegne endringane i § 6

I § 6 d) er det føreslått ein presisering som seier at 30 % internasjonal finansiering må kunne dokumenterast på søknadstidspunktet. Vidare vert det føreslått ein presisering til § 6 e) om at NFI skal kunne fastsette ein frist for levering av dokumentasjon på avtale om internasjonal distribusjon, i dei tilfelle der intensjonsavtale om internasjonal distribusjon godkjennast på søknadstidspunktet.

VLFK vurderer endringane til å kunne gjere det vanskelegare for mindre og uavhengige filmprodusentar å nytte insentivordninga. Dette kan få uheldige ringverknadar for t.d. kunst- og dokumentarfilm. Dette kan ha kulturpolitiske konsekvensar, men kan og gi eit meir avgrensa lærings- og samhandlingsutbytte for norsk filmbransje. Og såleis svekke insentivordningas føremål om å fremme norsk kultur, historie og natur og vidare bidra til økt erfaring og kunnskap i den norske filmbransjen,

Vidare føreslår Kulturdepartementet å legge til ein ny bokstav (f) i § 6 med vilkår om at produksjonen må engasjere praktikantar i tilknytning til sentrale fagfunksjonar. VLFK støtter dei tiltak som har til føremål å bidra til økt erfaring og kunnskap i den norske filmbransjen og en bærekraftig norsk filmnæring.

### Avslutning

Når Kulturdepartementet skriv at det har vore «dialog med bransjen» meiner VLFK at det vil vere rett å legge fram oversyn over dette. VLFK har vore i kontakt med regional filmbransje som ikkje har kjennskap til dette. VLFK vil difor be om å få ein oversikt over korleis dialogen har vore gjennomført.

VLFK ser fram til evalueringa av sjølve insentivordninga og å kome med bidrag til heile ordninga.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at Fylkesutvalet sluttar seg til uttala i saka og at denne vert sendt til Kulturdepartementet.